



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President
Karl Johansgate 22
Karl Johansgate 22
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

26/400-

3. februar 2026

**Svar på spørsmål nr 1328 til skriftleg besvarelse frå
stortingsrepresentant Trond Helleland til samferdselsminister Jon-Ivar
Nygård**

Spørsmål

Jeg tillater meg å stille følgende spørsmål til skriftlig besvarelse til samferdselsministeren:

Ber om ein tabell som viser talet på ulike fartsgrenser og kor mange kilometer for kvar av
fartsgrensene på strekningane?

Bergen-Oslo Via E16/Rv7

Bergen-Oslo Via E16/Rv52/Rv7

Bergen-Oslo Via E16

Haugesund-Oslo Via E134

Førde-Oslo via Rv5/Rv52/Rv7

Førde-Oslo via Rv5/E16

Stryn-Oslo via Rv15/E6

Ålesund-Oslo via E136/E6

Svar

Statens vegvesen har henta rutevala gjennom sin eigen ruteplanleggar [Vegvesen trafikk | Trafikkmeldinger, webkamera og ruteplanlegger](#). Data kjem direkte frå Nasjonal vegdatabank (NVDB).

Det er utført analysar for strekningane basert på geografiske punkt for kvar start- og
sluttlokasjon. Til dømes har Oslo eit geografisk punkt ved Oslo domkyrkje og Førde hamnar
rett ved Jølstraelva.


For å kunne lage ei komplett rute, må andre veger enn dei som er konkretisert i spørsmålet også bli inkludert. Dei ulike vegane som er inkludert er spesifisert i eigen kolonne i tabellen.

Enkelte vegar skifter nummer når ein kjem frå hovudvegen og inn til sentrumsområde. Til dømes i Bergen, startar ein på E16 med 30 km/t, deretter frå Bystasjonen med 50 km/t og så inn på rampa til E39 med 60 km/t før ein køyrer utanfor Bergen med retning nord og 80 km/t. Etter om lag 12 km vil ein da kome inn på E16 og første til avkøyning på Rv13 før ein treffer Rv7. Det same gjeld når ein avsluttar E16 inn mot Oslo, der siste strekning vil være på E18.

Med dette som bakgrunn har Statens vegvesen laga følgjande oversikt over kilometer med dei ulike fartsgrensene på dei ulike rutene. Total lengde på ruta står i siste kolonne.

Rute beskrevet i spørsmålet	Veier inkludert i svaret	30	40	50	60	70	80	90	100	110	Sum
Bergen - Oslo Via E16	Ev16, Ev18, Ev39	0,3	1,6	10,2	37,2	77,7	374,8	3,9			505,7
Bergen - Oslo Via E16/Rv52/Rv7	Ev16, Ev18, Ev39, Rv7, Rv52	0,3	4,7	6,7	38,2	78,7	322,2	9,6			460,4
Bergen-Oslo Via E16/Rv7	Ev16, Ev18, Ev39, Rv7, Rv13	0,3	4,3	8,3	52,2	71,6	312,7	9,6			459,0
Førde - Oslo via Rv5/E16	Ev16, Ev18, Ev39, Rv5, Rv7, Rv52		2,2	11	32,4	55,9	338,1	3,9			443,5
Førde - Oslo via Rv5/Rv52/Rv7	Ev16, Ev18, Ev39, Rv5, Rv7, Rv52		5,4	6,9	34,1	57,2	294,2	9,6			407,4
Haugesund- Oslo Via E134	Ev6, Ev39, Ev134		1,4	10,9	51,3	73,2	258,5	31,4	16,6		443,3
Stryn - Oslo via Rv15/E6	Ev6, Ev18, Rv15	0,1	2,3	8,4	19	51,2	196	69,6	10,1	124,6	481,3
Ålesund - Oslo via E136/E6	Ev6, Ev18, Ev39, Ev136	0,1	2,1	9,2	27,8	30,1	296,1	49,9	10,1	124,6	550,0

Med helsing


Jon-Ivar Nygård